

## **Årsmøteprotokoll**

**Skinnarbu Nasjonalparkhotell, 6.april, 2019, kl.10.00.**

Leiar Per Helge Sekse, Ullensvang, opna møtet.

### **Sak 1. Val av ordstyrar og skrivar**

Stein Verpe, Hol, vald som ordstyrar.

Nils Bjørn Vistad (sekr) vald som skrivar.

### **Sak 2. Godkjenning av innkalling, sakliste og fullmakter**

Ingen merknad til innkalling og sakliste. Der var ein fullmakt.

### **Sak 3. Opprop**

Opprop ved sekretær. Det deltok 16 personar i møtet.

### **Sak 4. Årsmelding**

Årsmeldinga vart gjennomgått ved leiar. Ingen særskilte merknader utover spursmål om rett namn på nokre av Nordmannsslepene.

Årsmeldinga samrøystes godkjend.

### **Sak 5. Rekneskap**

Gjennomgang ved sekretær. Her vart det fokus på uteståande kontingent og om korvidt dette alt var tatt med i innteksrekneskapet eller stod som eit positivt tilgodehavande. Johan Vaa gjorde i møte freistnad på å få fram at denne kontingentdelen alt var ført som «hatt» inntekt. Han vart imøtegått av sekretær, som var trygg på uteståande kontingent ikkje kunne bli ført som inntekt på året før! I ettertid har det vist seg at Johan hadde rett!

Rekneskapet var revidert og funne i orden av revisor

Rekneskapen samrøystes godkjend (men altså med den feilopplysinga over).

### **Sak 6. Godtgjersle til tillitsvalde**

Orientering og innstilling ved Johan Vaa, Vinje.

Årsmøtet vedtok samrøystes vidareføring av satsene frå i fjor: Kr.1.000 pr. møtedag, og godtgjering til leiar kr.30.000 (utan daggodtgjering for møter).

HG har eigen rekneskapsføring (Uvdal Rekneskapskontor)

### **Sak 7. Medlemskontingent for 2018**

Styret gjorde framlegg om uendra satser. Samrøystes vedtak om vidareføring av dagens praksis: Grunnbeløp kr.200 + kr.60,- pr. km<sup>2</sup> (1000 dekar). Godkjend av møtet.

### **Sak 8. Budsjett for 2019**

Sekretær gjekk gjennom framlegg til budsjett,- med samla ramme på kr.225.000. Det vart litt debatt om grunnlaget for å budsjettere med underskot.

Budsjettet samrøystes godkjend.

### **Sak 9. Arbeidsplan**

Leiar gjekk gjennom styret sitt framlegg til arbeidsplan, som i all hovudsak fylgjer tidlegareoppsett. Litt debatt om om den store bukkekvote i haust. Elles vart det frå Hildegunnxxxxxxx,

Ullensvang etterlyst meir konkrete saker/oppgaver, som f.eks. å arbeide for betre mobildekning på Hardangervidda  
Arbeidsplanen vart så samrøystes godkjent med dei innspel som var fremma i debatten.

### **Sak 10. Vedtektsendring**

Innleiande orientering ved Johan Vaa. Saka gjeld kor vidt HG-styret bør minke frå 7 til 6 medlemmer grunna kommunefusjonen i Hardanger. Leiar, som sjølv er frå Ullensvang, la fram sitt forslag om å halde på nåverande ordning med 7 medlemmer,- og då slik at «Nye Ullensvang» skulle ha 2 av desse. Han advarte mot endring og meinte ny kommunestruktur ikkje hadde konsekvens for HG sin styring. I styret er det eit fleirtal på 5 for slik endring. Dei langt fleste som så hadde ordet gjekk for utsetting av saka. Dessutan framheldt Jørgen Leegaard at alle vedtektsendringar skulle vore lagt fram med full ny tekst. Dette tok styret kritikk på, sjølv om einaste endring var talet «7» som skulle bli til «6» (§6). Etter denne runden vart det eit einstemmig vedtak om utsetting av saka.

### **Sak 11. Orientering om ny forvaltingsmodell**

Også her var det orientering ved Johan Vaa. Kort dreier det seg om overgang frå desentralisert forvaltingsmynde med 3 tilsynsutval, til eitt overordna fellesstyre for alle fylka, samt 3 rådgjevande fylkesutval og 3 nye nasjonalparkforvalterstillingar.

Det er sterkt delte meininger! På den eine sida vil ny modell sikre langt større ressursar til forvaltingsarbeidet og det blir lik forvaltning over heile HV. På den andre sida var det som Hildegunn xxxx reiste spursmål om : Vil ny modell sikre betre grunneigarinnflytelse? Det var sær mange som hadde ordet i saka.

Frå HG si side vil ein sende eit brev til kommunane for å syne litt av meiningane i HG-styret. Her i årsmøtet var dette ei orienteringssak.

### **Sak 12. Innkomne saker**

Ingen saker.

### **Sak 13. Val**

Valet vart leia av sekretær. Bergfinn Kvalnes, leiar i valkomiteen, har opplyst at det er meldt vilje til **attval** over heile fjøla

Alle val vart **samrøystes, utan motkandidatar**. Styremedlemmer vald for 2 år, leiar og nestleiar for 1 år.

- *Styremedlemer på val (reellt oppnemnd lokalt, men blir likevel formelt vald i årsmøtet):*
  - Ullensvang            *Per Helge Sekse (Harald Alvavoll)*
  - Hol                     *Stein Verpe (Tor Martin Øyo)*
  - Vinje                  *Johan Vaa (Henning Ø Poulsson)*
  - Nore og Uvdal       *Odd Gunnar Vikan (Hans Wilhelm Ro)*
- *Leiar:*                     *Per Helge Sekse Ullensvang*
- *Nestleiar:*              *Stein G. Verpe, Hol*
- *Nytt valnemndmedlem frå Hordaland. Dette hadde valkomiteen ikkje funne fram til grunna ulike lokale årsmøtetidspunkter, men vil bli meldt sekr. i løpet av året.*
- *Revisorar:*             *Torunn Øygarden og Kirsten T. Haugland*
- *Fjelloppsynet:*         *Torgils Eide (Stein Verpe)*

